



Notat

Dato: 22.04.2015
Arkivsak: 2014/555-32
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland (FTU)

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 2015 - programforslag

I *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* er det vedteke at fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) arrangerer trafikksikringskonferanse for kommunane i fylket. På trafikksikringskonferansen for kommunane ønsker fylkeskommunen å orientere om kva trafikksikringsarbeid som vert gjort på regionalt og nasjonalt nivå, og å legge til rette for å utveksle erfaringar, samt yte kompetanseheving og meiningsutveksling både for kommune- og fylkeskommunepolitikarar, samt tilsette i kommuneadministrasjonen. Det er sjølv sagt også eit mål å gje inspirasjon til det vidare arbeidet med trafikksikring i kommunane.

Tidspunkt og stad

Dei fire føregåande åra er denne konferansen lagt til november, og dette ser ut som eit tenleg tidspunkt. I møteplanen for FTU er konferansedatoen dagsett onsdag 18. november.

Tema på konferansen

Fylkesrådmannen har følgjande forslag til moglege tema på konferansen:

- Utdeling av årets Trafikksikringspris i Hordaland
- Erfaringar frå arbeidet med å verte sertifisert som Trafikksikker kommune
 - Austrheim, Vaksdal, Lindås
 - Trygg Trafikk, fylkeskommunen
- Eksempel frå ein kommune som er sertifisert som Trafikksikker kommune
- Haldningsskapande trafikksikringstiltak i kommunane – lavterskelttilbod
- Rassikring
- Strekningsvis ATK – prosjekt TØI
- Sinusfresing – effekt og erfaring
- § 34 – Vegtrafikkloven
 - Folkehelseinstituttet/Helsedirektoratet/Politidirektoratet/Møre og Romsdal FTU

